Kr 30,00

ISSN 0333-0362

NR. 4 1996
37. ÅRGANG

SPRÅKLIG SAMLING

GITT UT AV

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Ivar Aasen

(1813–1896)

SPRÅKLIG SAMLING

Ansvarlig redaktør: Arne Torp
E-post-adresse: arne.torp@inl.uio.no

Bladpengar: 110,– pr. år.

Adressa til laget og bladet:

Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo
Postgiro 0803 5163787

Utgitt av:
LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Leiar: **Pål Styrk Hansen**
Tanumveien 89 e
1312 Slependen

Medlemspengar (inkluderer bladpengar):
Kr. 125,– pr. år;
for skoleelevar, studentar og pensjonistar:
Kr. 75,– pr. år.

Redaksjonelt

Årgangen 1995 av *Språklig samling* blei opna med eit spesialnummer om Knud Knudsen. Dette var vel også den mest handfaste markeringa av «Knudsen-året», som nok i det store og heile gjekk hus forbi hos folk flest. Det same kan ein knapt seie om Aasen-året 1996; her har det vore mengdevis av både medieoppslag, store tilstellingar og opptil fleire bindsterke biografiar.

Hittil har *Språklig samling* ikkje hatt noe innslag i samband med Aasen-året. Dette er sjølvsagt ikkje tilfeldig; for oss samnorskfolk er Knud Knudsen ein viktigare person enn Ivar Aasen. Likevel er det nok mange av oss som både har hatt og framleis har stor sans for Aasens verk; det gjeld mellom andre også redaktøren av *Språklig samling*, som sist vår var invitert til å snakke om Ivar Aasen på landsmøtet til Norsk Målungdom (NMU). Den andre som la fram sitt syn på landsmålsfaderen ved dette høvet, var nasjonalismeeksperten og NMU-medlemmen Oddmund Løkensgard Hoel. Begge desse føredraga har tidlegare stått i nr. 2/3-1996 av *Eg*, meldingsbladet til Norsk målungdom, men vi prentar dei oppatt her.

Vi prentar også oppatt eit innlegg frå *Klassekampen*, der LSS-styremedlemmen Harald Støren kommenterer eit språkpolitisk ordskifte som gjekk tidlegare i år. Dei to siste lengre artiklane i dette bladet har ikkje vore prenta før; derimot er dei *kommentarar* til tidlegare trykt stoff, det vil seie bokmeldingar.

Alle nummera av 1996-årgangen har vore prenta i fleire eksemplar enn vanleg. Desse ekstraeksemplara har vore delte ut gratis på høgare lærestader rundt om i landet. Tanken med dette er sjølvsagt at unge menneske skal få høve til å bli kjende med bladet, og bli så interesserte i arbeidet vårt at dei vil tinge bladet og kanskje jamvel bli medlemmer i LSS. Vi arbeider også med ei brosjyre som vi vil trykke opp og distribuere både til studentar og skoleelevar.

Kor vellykka denne medlemsvervinga blir, veit vi sjølvsagt ikkje ennå. Det mange av oss derimot opplever daglig, er at unge menneske i dag ikkje lenger automatisk set opp ein hånflir om ein nemner ordet samnorsk, slik det var den gongen då folk flest framleis hadde riksmålshetsen frå 50-60-åra i friskt minne. Når vi i år dessutan for første gong på nokså lenge kan sjå tilbake på ein årgang der *Språklig samling* har komme ut med alle sine fire nummer i same kalenderåret — pluss nr. 4 frå i fjor! — så vil vi sjå dette som eit teikn på at vi nå endelig er på veg opp av ein bølgjedal som har vara altfor lenge. Og grunnen til at vi har klart dette, er først og fremst den at stofftilgangen i år har betra seg. Denne tendensen håpar vi vil halde fram også neste år, men det skjer ikkje utan at folk som har interessant stoff om språk, sender det til oss. Innlegg kan sendast på papir, men aller helst på diskett eller med e-post, sjå adresse ovanfor.

Dermed kan redaktøren for ein gongs skyld ønskje lesarane god jul i siste nummeret av ein årgang, og til gjengjeld love stoff om utdelinga av LSS sin litteraturpris i nr. 1 for neste år. Godt samnorskår 1997!

Styret i LSS1996-97

Sentralstyret
Pål Styrk Hansen, leder
Arne Torp, nestleder
Ivar Hundvin, sekretær
Eric Papazian, kasserer
Ruth Vatvedt Fjeld, styremedlem
Harald Støren, styremedlem
Ellen Skolseg, styremedlem
Thomas Hoel, varamedlem
André Karlsen,varamedlem
Torun Gulliksen, varamedlem

Landsstyret
Magne Aksnes
Gulbrand Alhaug
Rolf Theil Endresen
Arne Kjell Foldvik
Ernst Håkon Jahr
Svein Lie
Åshild Rykkja
Helge Sandøy
Knut Western
Jon Vidar

Varamedlemmer til landsstyret
Einar Flydal
Johs. Fosså
Anne-Ma Grønlie
Øyvind Gulliksen
Reidun Guldal
Eskil Hanssen
Thomas Refsdal
Thore A. Roksvold
Helge Omdal
Geirr Wiggen

Redaktør: Arne Torp
Revisor: Johs. Fosså

Arne Torp:

Ivar Aasen, nynorsken og eg

Ei målpolitisk sjelegransking

Trøytt når soli ho gjeng i hav
stridsmann søkjer sitt svæve;
sæl no søv under hovudstav
Ivar Aasen hin gjæve;
minni vil vaka ved denne grav
i all æva.

Lang var dagen og vinna vand,
djup var grunnen å grava;
alt låg nedvelt i aur og sand,
tungt måtte mannen kava,
fyrr han nådde det me og han
vilde hava.

Ram han rudde i yrde stygt,
reiv både rot og runnar
til ein dag han fekk huset bygt
nett på dei gamle grunnar;
der skal det stå i tiderna trygt
millom lundar.

Der skal symra um veggen gro,
symra og alle blomar,
der gjeng ervingen, traust og god,
vyrk både vetter og sumar,
men millom blåberg i solfallsro
songen ljomar:

Song um heimen der hugen er fest,
dit den trøytte vil skunda,
heimen der barnet seg hyggjer best
og der gamling vil blunda;
dit me alle i aust elder vest
støtt må stunda.

Heimen er tufta på godan grunn;
kom, lat oss heil han byggja!
Høg skal han lysa i vene lund,
fredsæl og trufast tryggja,
at han kann til vår sidste stund
um oss hyggja.

Heimen er tufta ved godan manns
strid gjenom møda og æra;
yver oss enn sviv anden hans,
ser kvat no me vil gjera;
giv han fekk alltid glad sitt lands
gardvord vera!

Når eg vel å opne med dette diktet av Arne Garborg, så er det sjølvsagt først og fremst fordi det er skrive til minne om Ivar Aasen, og det burde derfor høve framifrå når me i år høgtidar hundreårsminnet hans. Men dessutan betyr dette diktet noko for meg personleg. For omlag 35 år sidan — den gongen var eg faktisk yngre enn dei fleste av dykk som er her i dag — var eg fanatisk oppglødd for landsmålet og Ivar Aasen. Eg laga derfor til eit lysbileteprogram, der eg hadde lese inn dikt av Ivar Aasen på lydband med så malmfull røyst som ein 18-åring maktar, og med klassisk musikk i bakgrunnen. Dette multimediasjåvvet[1] drog eg så rundt med i diverse husmorlag og andre foreiningar her nede på Agder og hausta stor fagning.[2] Og innleiinga til denne framifrå framsyninga var nett Garborgs dikt om Aasen.

Når eg fortel dette her i dag, er det for å overtyde dykk som er unge og oppglødde for målsaka i dag at eg òg har vore ung og oppglødd målmann ein gong. Eg vil be dykk hugse det dersom de skulle synast at eg seinare kjem til å tale som ein svikar. Eg vil også be dykk leggje merke til at eg talar nynorsk her i dag — noko eg elles aldri plar gjere. Dette er til ære for dykk — og for Ivar Aasen, som eg framleis set umåteleg høgt. Og med det same vil eg få takke for innbydinga til å snakke her i dag — det ser eg på som ei stor ære, jamvel om eg nok reknar med at de kjem til å kaste dykk over meg verbalt når ordskiftet brakar laust etterpå.

Aasens nasjonale prosjekt

Tilskiparane har bede Oddmund Hoel og meg om å setje Aasen og arbeidet hans inn i eit notidsperspektiv. Men ettersom det trass alt er den historiske personen Aasen me skal ta utgangspunkt i, kjem me ikkje utanom eit visst historisk tilbakeblikk.

Ei av dei problemstillingane me er bedne om å ta opp, er kva Aasens «prosjekt» bestod i. Dei fleste er nok utan vidare samde i at det var todelt: Nasjonalt og sosialt. No er Oddmund Hoel langt større ekspert enn eg på nasjonalisme, og derfor skal eg ikkje gå særleg mykje inn på alt det som kan løyne seg attom dette begrepet, men nøye meg med å slå fast at Aasens gjerning knapt hadde vore tenkjeleg utan 1814. Dersom unionen med Danmark hadde halde fram til denne dag, meiner eg det hadde vore fullt mogleg å halde på dansken som skriftspråk her i landet; reint språkleg er det nemleg mindre skilnad mellom dansk skriftmål og norske dialektar enn det er t.d. mellom folkemålet i Nordtyskland — lågtysk — og det høgtyske skriftspråket.[3] Lågtysk har dessutan til liks med norsk vore

eit eige skriftmål i mellomalderen; dei som representerte det mektige Hansa-forbundet, brukte såleis lågtysk både i tale og skrift, noko som også har sett djupe far etter seg i alle dei moderne skandinaviske språka. I dag blir likevel lågtysk berre rekna som dialektar av «tysk», dvs. høgtysk.

Men fordi Noreg vart ein eigen stat i 1814, vart det også viktig å få eit eige nasjonalmål. Dette er ei utvikling me kan sjå den dag i dag: Når nye statar riv seg laus frå gamle unionar, prøver dei ofte å markere sjølvstendet også med sitt eige språk. Eit nesten grotesk døme på dette ser me i det såkalla tidlegare Jugoslavia, der *serbokroatisk*, som inntil heilt nyleg var rekna som eitt språk, no med eitt er vorte tri ulike språk: *serbisk, kroatisk* og *bosnisk*.

Dersom Kalmarunionen i 1384 hadde vorte permanent slik at me i alle hundreår etter hadde hatt berre ein skandinavisk stat, meiner eg det er rimeleg å rekne med at det også hadde funnest berre eitt skandinavisk skriftmål. Og eg har også tenkt på om det hadde vore mogleg for ein Ivar Aasen å skape ei norsk målreising dersom me hadde vore i union med *Sverige* og ikkje med Danmark fram til 1814. Aasen sjølv var også fullt på det reine med at svensk og norsk låg nærmare kvarandre enn dansk og norsk, men han meinte likevel at svensk ikkje ville høve som skriftmål for nordmennene.[4]

Det nasjonale må altså vere den premissen som ligg i botnen for målreisinga — utan 1814 inga målreising heller — trur eg. Men når først det nasjonale elementet var på plass, kunne ein sjølvsagt bruke andre argument i tillegg. Poenget er berre det at utan det nasjonale som grunnleggjande premiss ville dei andre argumenta falle daude til jorda.

Eit slikt «tilleggsargument» er det sosiale — at det danske skriftmålet først og fremst var eit privilegium for overklassa. Eit anna argument var det pedagogiske — at dansken var vanskeleg å lære for vanlege folk. Begge delar var sjølvsagt heilt rett, og begge delar dreg Aasen fram, t.d. i innleiinga til grammatikken sin. Men nøyaktig det same kunne seiast om dei fleste skriftspråk i Europa i høve til mange av dialektane i landet, m.a. også i grannelanda våre. Når det likevel aldri har oppstått noka svensk eller dansk målreising mot det svenske eller danske skriftspråket, heng det sjølvsagt saman med at ingen kan påstå at desse skriftmåla er «unasjonale», og då hjelper det ikkje, same kor overklassemerkte og «vanskelege» dei måtte vere for vanlege folk, dei sit like fast i sessen for det.

Målreisingar i andre nordiske land

Her i landet vart det altså annleis etter 1814 — då var dansken brått vorten eit «utanlandsk» språk. Det er sjølvsagt dette som var grunnen til at Aasens prosjekt møtte slik godhug jamvel hos folk frå den dansk-norske overklassa — t.d. historikaren P.A. Munch — dei ville gjerne vere gode nordmenn, må vite. Her kan ein jamføre med Finland; dei som stod i brodden for den finske nasjonalreisinga, hadde stort sett svensk, dvs. finlandssvensk, som morsmål, slik mest heile overklassa i Finland hadde før midten av 1800-talet. Han som blir rekna som Finlands nasjonalskald framfor nokon, Johan Ludvig Runeberg (1804-77), forfattaren av den finlandske fedrelandssongen *Vårt land, vårt land,* var til dømes finlandssvenske god som nokon.

I Finland fanst det altså ei svensktalande overklasse i den tida då Finland var eit svensk lydrike, fram til først på 1800-talet. Det gjer det ikkje i dag; i dag er svensk eit klart minoritetsspråk i Finland, og finsk blir brukt av det store fleirtalet innanfor *alle* grupper i det finske samfunnet. Den finske målreisinga har vunne ein nærmast total siger.

Dersom me ser på tilhøva i andre område av det tidlegare *danske* imperiet, for å bruke eit slikt ord, så ser me at Island heile tida har hatt sitt eige skriftmål. Islandsk er dermed ved sida av dansk og svensk det einaste nordiske målet som har ein samanhengande tradisjon som skriftmål frå mellomalderen til i dag. Dansk har t.d. aldri vore administrasjonsspråk på Island.

På Færøyane er situasjonen derimot heilt annleis, både politisk og språkleg. Færøyane er som kjent framleis ein del av kongeriket Danmark, om enn med indre sjølvstyre, og dansk var lenge skriftmål for færøyingane som det var for nordmennene. Slik er det ikkje lenger; i dag både skriv og snakkar alle færøyingar færøysk som sitt første mål, jamvel om dei også er svært gode i dansk. Det færøyske skriftmålet er ikkje gammalt; skriftnormalen er frå slutten av 1800-talet, og det er først i dette hundreåret at færøysk for alvor har vorte teke i praktisk bruk på Færøyane. Men i dag kan ein godt seie at den færøyske målreisinga har sigra, i og med at færøysk no er i full bruk på alle samfunnsområde. Og dette heng i sin tur utan tvil saman med at det ikkje finst, og har heller aldri funnest, noka dansktalande overklasse på Færøyane.

Den norske språksituasjonen i dag

Så er det oss her i *Norge* — eller *Noreg*, som den nynorske lærebokforma framleis lyder. Her har me som kjent alt for lenge sidan kvitta oss med den *reine* dansken. Til gjengjeld har me skaffa oss ikkje mindre enn to norske skriftmål — eitt norsk-norsk og eitt dansk-norsk. Som skandinavist og samnorskmann ser eg vel ikkje dette som nokon ideell situasjon. Likevel er eg ikkje blind for at denne stoda også har gjeve oss visse føremoner som grannane våre kanskje ville misunne oss, om dei hadde forstått meir av den norske språksituasjonen. Men det gjer dei altså ikkje, og derfor trur dei at det er veldig synd på oss — i alle fall *trudde* dei det før me vart så rike på oljepengane.

Korfor er den norske språksituasjonen vorten slik som han er? Lat oss jamføre litt med tilhøva i dei områda me nett var innom. I Finland snakka alle overklassefolk svensk før, det gjer dei ikkje i dag. Då Finland vart ein ei-

gen stat, var det naturleg at finsk vart sett på som det mest fullgyldige uttrykket for den finske nasjonaliteten. Jamvel om svensk hadde hatt sosial prestisje i Finland, vart svensk etter kvart sett på som eit unasjonalt undertrykkjarspråk i den unge finske nasjonen, og dette stempelet slit finlandssvenskane med den dag i dag.

På Færøyane har dei som nemnt aldri hatt noka dansktalande overklasse, så der var saka for så vidt grei; færøysk var det målet alt folket *tala*, medan dansk var det målet alt folket *skreiv* — det vil seie dei som kunne skrive då — og slik var det som sagt fram til langt inn på 1900-talet.

Den norske språksituasjonen skil seg dermed på avgjerande punkt både frå den finske og den færøyske. Det som skil situasjonen hos oss frå den færøyske, er først og fremst det at me alt før 1814 hadde fått ei overklasse som tala dansk med norsk uttale, den såkalla dannede dagligtale, medan alle færøyingar tala — og talar — færøysk. Men minst like viktig er den reint språklege avstanden mellom dei språkformene som er involverte. Som kjent er finsk og svensk totalt forskjellige språk — dei har heilt ulike opphav. Det er derfor aldri den minste tvil om ein person skriv eller snakkar finsk eller svensk. Færøysk og dansk hører begge rett nok til den nordiske språkgruppa og liknar derfor langt meir på kvarandre, men likevel er avstanden meir enn stor nok til at dei må oppfattast som to ulike språk.

Med norsk og dansk er det som kjent annleis — innanfor Skandinavia forstår me grannemåla jamt over rimeleg bra utan at me har studert dei særskilt. Det er derfor fullt mogleg å tenkje seg former av skandinavisk språk som det kan vere vanskeleg ut frå reint språklege kriterium å karakterisere som anten norsk, dansk eller svensk. Og *den dannede dagligtalen* var nettopp eit slikt kompromiss mellom det heilnorske og det pære danske — uttalen er norsk, men orda og endingane kom hovudsakleg frå dansk skrift. Fornorskinga av bokmålet — både den som har gått føre seg ved offisielle vedtak som gjeld skriftmålet og den som har gått føre seg meir upåakta i det danna talemålet — har i grunnen gått ut på å skifte ut stadig fleire danske element med norske, eller — sagt med andre ord — å ta opp stadig fleire drag frå det folkelege talemålet her i landet.

På det viset har bokmålet — både tala og skrive — fått ei såpass uavhengig stilling andsynes dansk at svært få i dag vil finne på å kalle bokmålet heil- eller halvdansk, anna enn som ein meir eller mindre open provokasjon. Den velkjende sondringa mellom *norsk* og *nynorsk* seier også sitt om korleis folk flest ser på dette spørsmålet i dag. At bokmålet derimot *historisk sett* er fornorska dansk skrift og at det framleis er tydeleg merkt av dette opphavet, er ei sak som stort sett ikkje bør kunne hisse opp andre enn riksmålsfolk med nasjonalt mindreverdskompleks.

For å oppsummere: Aasens prosjekt var primært *nasjonalt* — han ville skape eit norsk skriftmål. Men fordi det norske språket slik han såg det, berre fanst hos «almuen», så vart prosjektet også *sosialt* — det vart ein kamp for bondemålet. Det andre nasjonale språkprosjektet — det som Knud Knudsen kalla *det dansk-norske målstrevet* — kunne ikkje med same rett kalle seg sosialt, i og med at det tok utgangspunkt i talemålet til den norske overklassa. Mange har derfor vilja sjå på bondesonen Ivar Aasen som ein sosial opprørar og på husmannssonen Knud Knudsen som ein klassesvikar.

Begge desse karakteristikkane er i beste fall berre halvsanne. For det første engasjerte Aasen seg minimalt i sjølve målstriden; den overlet han stort sett til andre. For det andre var Knudsens standpunkt mykje meir taktisk enn ideologisk fundert: Hovudsaka for Knudsen var ikkje å få eit så reint norsk skriftmål som råd; det viktige var å få bort det *reint danske* skriftmålet. Knudsen såg det som heilt utopisk at overklassa ville gje opp det norsk-danske talemålet sitt. Derfor satsa han i staden på å agitere for at skrifta skulle baserast på dette talemålet, og at dette talemålet med tida også skulle ta opp i seg stadig fleire «norske» element. På den måten meinte Knudsen at hans eige dansk-norske og Aasens norsk-norske målstrev med tida kunne møtast på halvvegen; dette har han nemnt fleire gonger i skriftene sine.[5]

Aasen og Knudsen — kven har vunne?

Korleis skal ein så vurdere resultatet i dag? Kven har sigra — Aasen eller Knudsen? Etter mitt syn har ingen av dei fått det akkurat slik dei ville — enno. Men slik eg ser det, er det likevel ingen tvil om at Knudsens program har vunne mykje lenger enn Aasens, og ein gong i framtida trur eg vel at Knudsens visjon vil bli røyndom — trudde eg noko anna, var eg ingen samnorskmann. Den første delen av Knudsens program — avskaffing av det reine norsk-danske skriftmålet — vart realisert alt i 1907. Alle skriftmålsreformene fram til og med 1959 var også klart i Knudsens ånd — det var reformer som hadde som sitt endelege mål å avskaffe målkløyvinga her i landet. Men i dei siste 30 åra har skriftmålstilnærminga stogga meir eller mindre opp, og me har jamvel opplevd tilbakeslag; først og fremst den såkalla liberaliseringa av bokmålet i 1981, då ein sleppte inn att i bokmålet ein heil del dansknorske former som hadde vore forbodne sidan 1938.

Det som derimot ikkje har stogga opp, er tilnærminga i *talemålet*. På den eine sida blir det stadig mindre å høre av det som Aasen kalla «vore ægte Dialekter» og stadig meir av det som puristar gjerne plar kalle knot. Einar Økland har også merka seg dette, men han er ikkje lei seg for det — tvertom. I 1974 skreiv han m.a. slik i ein artikkel han kalla «Forsvar for knotet»:

> Det oppstår ein ny dialekt i vår tid. Det er for langt kome til at vi kan hindre det. Dialekten heiter blandingsmål eller knot. Men dialektane då, skal vi ikkje halde på dei, så pene som dei er? Ja, for alle elskar dialektar (dei pene dialektane, ikkje dei stygge) og al-

ler mest elskar bokmålsfolk dialektar. Eg veit dessutan at dialektane blir penare og meir verdfulle di eldre og meir dødsmerkte dei blir.
For meg er det same press eller tvang anten ein ber meg snakke ein dialekt eller eit normalisert nynorsk. Eg kjenner meg utilpass under presset.

Så langt Einar Økland. Eg trur elles ikkje det kan ha vore så veldig synd på han i 1974, og ikkje i åra etterpå heller, for den del, for aldri har vel toleransen for ymse slags talemål vore større enn i dei siste tjue åra. Her har m.a. lokale radiostasjonar og distriktsprogram vore ein viktig faktor, og jamvel ein riksdekkjande kanal som TV2 har også sett seg tent med å la mange slags talemål få sleppe til i sendingane sine.

I massemedia er altså det *talespråklege* mangfaldet i dag større enn nokon gong før. Når det gjeld *skriftspråket*, er situasjonen derimot annleis. Rett nok finst det ein del riksmålske såkalla faneord som heilt tydeleg er på veg ut jamvel i Aftenposten, som *nu, efter, sne* og *sprog*, men det ville likevel vere ei grov usannning å kalle det språket som dominerer på dei fleste område i det norske samfunnet for *radikalt* bokmål. Og målfolk har nok forlengst innsett at slagordet om «Nynorsk som einaste riksmål i landet» aldri vil kunne bli røyndom.

Dermed meiner eg det må vere rett å seie at Aasens prosjekt slik han tenkte seg det realisert, har vore noko nær ein fiasko. Det han tenkte seg, var jo nettopp at heile folket med tida skulle ta i bruk landsmålet, og ikkje berre i *skrift,* men også som talemål. Dersom heile det norske folket i dag hadde skrive og tala i kvardagslaget slik eg gjer nett no, ja, då hadde han truleg vore nøgd. Men slik er det som kjent slett ikkje. Storparten av det norske folket *skriv* bokmål, og mest ingen *snakkar* nynorsk — ikkje eg heller, for den del, utan når eg har eit manuskript som eg kan lese opp, slik som her i dag.

Ny målreising i dag?

Tilskiparane har også stilt spørsmålet om det ville vere rett å reise Aasens prosjekt på nytt. Her er svaret mitt eit avgjort nei. For det første er eg viss om at det ville vere fåfengt. Det er truleg berre om lag 10 % av folket som bruker nynorsk som sitt daglege skriftmål;[6] kor mange som *snakkar* nynorsk, er det vel ingen som veit, men at det dreiar seg om meir enn promillar, er vel lite truleg.

For det andre meiner eg at det ikkje ville vere rett. Reint personleg er eg godt nøgd med den «provisoriske» tilstanden me har i dag, med to offisielle skriftmål, og ein enorm toleranse for ymse slags talemål. Dette gjer at me her i landet har mindre av talespråksdiskriminering enn i dei fleste andre land det er rimeleg å jamføre med. Eg ser heller ingen grunn til at me skulle ha det så travelt med å bli eit «normalt» eittspråkleg samfunn at det skulle haste så veldig med å få teke livet av nynorsken — for det er nok liten tvil om at eit framtidige norsk skriftmål vil komme til å liggje nærmast det som i dag er bokmål, dersom ein skal basere skriftmålet på det talemålet som «folk flest» bruker, og det er som kjent eit argument som hittil gjerne har vore brukt som eit argument for å få folk til å velje nynorsk som skriftmål.

Som nynorskargument held dette knapt lenger, i alle fall ikkje i dei mest tettfolka delane av landet. Derimot er talemålsargumentet i høgste grad relevant dersom ein vil argumentere for ei radikalisering av det bokmålet som dominerer i skriftleg bruk. Det talemålet som er på frammarsj i dag, er jo nemleg nett det som Økland så vemodig vakkert kalla *knot* — eg for min del har kalla den austnorske utgåva av det for *udanna østnorsk*,[7] og det er eit talemål som i dag ser ut til å dukke opp nær sagt på dei mest uventa stader austafjells.[8]

Etter mitt syn er det små utsikter i dag til at nynorsken har noka stor og lysande framtid som formelt jamstilt bruksmål over heile landet. Det har jo alltid vore slik at mange har sett på nynorsken som eit vestlandsmål, og i våre dagar ser vel dét ut til å bli sannare og sannare for kvart år. Dermed kunne ein tenkje seg at bokmål og nynorsk delte landet mellom seg, på liknande måte som nederlandsk og fransk i Belgia. Det er berre det at Norge ikkje er språkkløyvd på same vis som Belgia, så ei slik løysing blir nok aldri aktuell hos oss. Det einaste eg vågar å spå heilt sikkert om framtidsnorsken, er at nynorsk nok aldri blir «einaste riksmål i landet».

Eg greier altså ikkje å vere optimist på vegner av nynorsken, sjølv om eg gjerne ville. Men eg trur heller ikkje riksmålsfolket vil få så stor grunn til å juble i åra som kjem. I ettertid må det vere rett å konstatere at «det store spranget i samlingsarbeidet» som reforma i 1938 har vore kalla, var eit altfor dristig tigersprang. I det pyntelege og småborgarlege sosialdemokratiske samfunnet som voks fram i åra etter krigen hadde riksmålsrørsla lett spel når dei hengde ut alle dei «udanna» folkemålsformene i læreboksspråket som «en sproglig voldtekt mot våre barn». Riksmålsrørsla hadde rett i at folk reagerte når dei fekk sjå sosialt stigmatiserte talemålsformer attgjevne i skrift, og slik er det truleg framleis. Skilnaden er berre den at mange former som kanskje var rekna som «vulgære» for 30-40 år sidan, blir rekna som heilt normal bokmålstale i dag, men vel å merke berre i *tale*. Eit godt døme på dette er fortidsformer som *kasta* og fleirtalsformer som *fjella*, som eg vågar påstå vekkjer minimal oppsikt som talt bokmål i dag, medan den som *skriv* «kasta» og «fjella» på bokmål, risikerer å bli stempla som språkradikalar.

For meg som samnorskmann er det sjølvsagt leitt å måtte fastslå at folk flest ikkje synest å ville vedstå seg meir av talemålsformene sine i skrift. Grunnen er utan tvil den at «vanlege folk» som det heiter, dei skriv slett ikkje som dei snakkar, dei snakkar slik (dei trur) andre skriv. Dei einaste som vågar å lyde etter talemålet sitt, er slike folk som me som er samla her i dag — de må ikkje tru det er tilfeldig at norskfilologar er enormt overrepresenterte både

i Noregs mållag og endå meir i Landslaget for språklig samling!

Takk likevel, gamle Ivar!

Det er på tide å runde av og konkludere. Som de hører, har eg lita tru på ei lang og lys framtid for det nynorske skriftmålet, og vel endå meir for det normaliserte nynorske talemålet. At eg har skrive manus og framfører denne talen på nynorsk, er sjølvsagt ikkje meir paradoksalt enn at Aasen sjølv brukte norsk-dansk som sitt private skrift- og talemål. Eg kunne dessutan gjerne ha halde talen min på kvardagstalemålet mitt, utan at eg trur de hadde tykt det var det minste underleg. Ja, det er jo i grunnen det at eg står her og snakkar nynorsk som er det underlege, slik kjenner eg det i alle fall sjølv.

Når det altså er slik i dag at det å snakke normalisert nynorsk kjennest som tilgjerdsle, så tyder jo det på at Ivar Aasens prosjekt har vore ein fiasko. Men for meg kjennest det like unaturleg å snakke bokmål, jamvel om det ville vere lettare, fordi eg hører så mykje bokmålstale kring meg inne i hovudstaden. Det einaste som kjennest *naturleg* for meg, er å snakke den dialekten eg har vakse opp med.

Har så Ivar Aasen noko av æra — eller skulda — for at eg kjenner det slik? Ja, det trur eg i høgste grad. Dersom me aldri hadde fått noko landsmål, så ville jo norsk-dansken rådd grunnen aleine. I så fall er det grunn til å tru at dei norske dialektane ville vore like vanvørde som i grannelanda. Dersom utviklinga på den andre sida hadde gått slik Aasen vona, dvs. at den norske overklassa hadde vendt seg bort frå det norsk-danske skrift- og talemålet og gått hugheilt inn for landsmålet, ja, då er det grunn til å tru at dette målet hadde verka minst like undertrykkjande på dialektane.

No reknar eg med at det finst folk her i salen som synest det siste hadde vore heilt i orden; det er nemleg berre når overklassemålet er «framandt» at det «tyner» folkemålet; er overklassemålet berre norsk (nok), heiter det noko heilt anna; då er det snakk om «normalisering». Frå min skandinavistiske og samnorske synsstad har eg vanskeleg for å godta dette skiljet; for meg er det i grunnen tale om nøyaktig det same i begge tilfelle.

Eg er altså glad for at Aasen skapte landsmålet, og at han laga det så godt at det kunne bli ein seriøs medtevlar til norsk-dansken. Men minst like glad er eg for at prosjektet hans ikkje lykkast betre enn det gjorde, for dermed vart Norge det fremste folkemålsparadiset i Europa — nest etter den tysktalande delen av Sveits. Kanskje det beint fram er dei livskraftige dialektane som gjer desse to søkkrike vesteuropeiske småstatane til «annleisland» også i politisk forstand?

Noter

[1] Skrivemåten er *ikkje* godkjend av Språkrådet!

[2] Møtet vart halde i Kristiansand.

[3] At Aasen truleg hadde den same oppfatninga, går fram av innleiinga til grammatikken hans, der han m.a. seier dette:

> Og det har nok ogsaa hændt, at man har overtalt en Folkestamme til at overgive Dyrkningen af dens eget Sprog, for at den kunde nyde den Ære at regnes med til et større Sprog; ialfald synes dette at være Tilfældet med Nordtyskerne, som besynderligt nok have villet foretrække den høitydske Sprogform for deres eget gamle Maal […]» (Ivar Aasen: *Norsk Grammatik* (1864) 1965:VIII)

[4] I innleiinga til grammatikken sin seier han det slik (det han omtalar som «en vis Dialekt, som i de seneste Tider med Flid er tillempet efter Dansken» er sjølvsagt det norsk-danske overklassemålet som på 1800-talet gjerne vart kalla «den dannede Dagligtale» og som har danna grunnlaget for det seinare riksmålet og bokmålet):

> Vist er det ialfald, at den nuværende danske Sprogform staar i en betydelig Afstand fra den gamle norske, og at den nuværende svenske Form staar meget nærmere. […] Men heraf følger just ikke, at det Norske skulde kun være en Mellemting af Svensk og Dansk (som nogle have fortalt); thi dette vilde egentlig kun gjælde for en vis Dialekt, som i de seneste Tider netop med Flid er tillempet efter Dansken. Heller ikke er Stillingen saadan at det norske Maal kunde inddrages eller optages i det svenske; thi derved vilde en stor Deel af de gamle Ord og Former gaae tabt. (Aasen 1965:XII-XIII)

I § 379 i grammatikken nemner han dei viktigaste skilnadene mellom norsk, dansk og svensk, og han reknar der opp i alt 9 punkt som skil norsk frå både svensk og dansk, men i tillegg har han 11 punkt som skil dansk frå både norsk og svensk (Aasen 1965:336-337).

[5] Alt i 1850 var han inne på denne tanken: Disse to Veje til et virkeligt norsk Sprog er forresten kun forskjellige hvad Udgangspunktet og den første Strekning angaar, siden løber de udentvivl sammen». (K. Knudsen: «Om Norskhed i vor Tale og Skrift»)

36 år seinare jamfører han målstrevarane i begge leirane med arbeidarane i St. Gotthardstunnellen i Sveits: «Efter å ha målstævet længe og vel fra begge ender, den 'danske' og den 'norske', vilde de hat for sig bare en tyn' mellemvæg, som var let å gjennembryte, så de møttes i sejer, anlet til anlet.» (K. Knudsen 1886: *Hvem skal vinne?*)

[6] Denne prosenten refererer til talet på elevar som skriv hovudmålsstil på nynorsk til avsluttande eksamen i den vidaregåande skolen.

[7] Jf. *Språklig samling* nr. 4-1988 s. 6-9.

[8] Jf. Vigdis Thoengen: «Hallingmål eller bokmål?» Språklig samling nr. 2-1994 s. 3-4.

Oddmund Løkensgard Hoel:

For Noreg og Ivar Aasen – i 1996?

Innleiing på landsmøtet i Norsk Målungdom 16. mars 1996.

Det er mange måtar å feira heltar på, og i løpet av Aasen-året skal me få prøvd ut dei fleste. Det som heilt sikkert ikkje vert mangelvare, er festtaler, minnestunder og biografiske og språkhistoriske føredrag. Alt slikt er vel og bra og naudsynt og hyggjeleg. Men dersom Aasen-året skal bli meir enn ein festrus med påfylgjande bakrus, må me nytta høvet til å diskutera korleis me best kan arbeida for nynorsken og målreisinga frametter, og tora å vurdera kva som framleis er brukande av verket og tankane til Aasen. Det er bra at dette, og serleg at Norsk Målungdom gjer det. Ein kan lika det eller ikkje (og ein del gjer det *ikkje*!), men det er NMU som er framtida for målrørsla.

Kva vil det seia å føra arbeidet til Aasen vidare i dag? Svaret mitt er svært enkelt: **Det er å arbeida for auka oppslutnad om nynorsken.** Det vil i praksis seia å arbeida for den nynorsken me har i dag. Det vil ikkje seia at alle har like god grunn til å ta Aasen til inntekt for sitt syn i normeringa av nynorsken. Eg trur språknormerarane hadde gjort nynorsken og målreisinga ei teneste ved å halda seg meir til Aasens normeringsprinsipp, det vil m a seia å syta for ei fast og einskapleg norm med indre samanheng og med vekt på den litterære tradisjonen. Poenget med nynorsken er at han skal spegla det *samlande systemet* i dei mange ulike målføra. Det er noko heilt anna enn at nynorsken skal vera mest mogleg lik alle former i alle målføre. Soga har iallfall vist at målrørsla ikkje kan rettskriva seg til framgang for nynorsken.

Dette er viktig nok, men det skal få liggja her og må aldri få oss til å gløyma det overordna: Striden står i dag som på Aasen si tid mellom nynorsk (landsmål) og bokmål (dansk). Det avgjerande for 'prosjektet' til Aasen i dag er om målrørsla greier å meisla ut ein strategi for arbeidet slik at det vert fleire nynorskbrukarar.

Målrørsla står andsynes mange utfordingar i dag, og eg skal nøya meg med ei av dei som gjeld dei ideologiske vilkåra for å driva målarbeid frametter, nemleg det me førebels litt rundt kan kalla 'det nasjonale'. Det har òg vore eit ynske frå NMU-leiinga, og ingen bør vera overraska over at målungdomen er interessert i nasjonal identitet og nasjonalisme. Ein finn vel knapt rørsler i Noreg som har drøfta 'det nasjonale' meir dei siste 150 åra enn målrørsla, og det siste tiåret har serleg NMU prata og skrive mykje om emnet. NMU-landsmøtet i 1990 vedtok *Program for ei nasjonal framtid*, og sjølv om sume på den tida skulda organisasjonen for å forma ut ein målpolitikk som peika fram mot 1905, må ein no kunna slå fast at organisasjonen heller låg i framkant. Sist i 1980-åra var NMU stort sett åleine om å tala om det nasjonale og nasjonalisme – i dag er dette noko ein støyter på over alt.

Ein del vil nok likevel spørja seg kva det nasjonale har med målstriden i dag. For er det ikkje slik at striden i dag står mellom to norske mål? Innfallsvinkelen min er ein annan, og eg vil hevda at 'det nasjonale' i målstriden gjeld langt meir enn spørsmålet om bokmålet er og har vore dansk eller norsk.

Påstanden min er at målstriden alltid vil ha ei nasjonal side, og at det er meir naudsynt for norskdomsrørsla enn på svært lenge å diskutera det nasjonale. Og her har me mykje å læra av Aasen.

Kva er ein nasjon, og kva er nasjonalt?

'Nasjon' er eit ord som utan vidare gjev meining for alle, iallfall i vår verdsdel, men som likevel er vanskeleg å definera eintydig. Eg skal ikkje ta meg tid til ei lang omgrepsdrøfting, men eg vil nemna eit par poeng.

Ein 'nasjon' og det 'nasjonale' - som det norske, svenske, danske, samiske, islandske osb - er ikkje statiske ovringar, men er heile tida under forming og omforming. Romantikarane fyrst i det førre hundreåret hadde eit statisk nasjonalitetssyn og trudde det fanst ei røynleg eksisterande 'folkeånd'. Denne folkeånda prega hugen til alle ibuarane i nasjonen og kom fyrst og fremst til uttrykk gjennom folkeviser, segner, eventyr og dikting, og gjennom folkemålet. Nasjonaliteten, eller nasjonalkarakteren, til ein person var soleis medfødd. Kunstnarar og vitskapsfolk drog difor ut på Den Store Jakta på folkeånda utetter 1800-talet – hjå oss kalla 'nasjonalromantikken' eller 'det nasjonale gjennombrotet'. Asbjørnsen og Moe leita etter eventyr og segner, Landstad etter folkeviser, P. A. Munch og Keyser etter den gamle historia, og dei same folka sytte for at Aasen fekk pengar frå 1842 og utetter for å finna folkemålet. Aasen trudde likevel ikkje på denne ideologien. Ein «National-Charakteer» i meininga «indvortes Ætte-Lag eller Folkets særegne Sindelag eller Tilbøielighed» meinte han var «en meget vanskelig Ting at faae Tag paa.» Det var dorske og kvikke i Noreg som alle andre stader.

Det er god grunn til å høyra på Aasen her, sjølv om mange målfolk etter Aasen har argumentert ut frå eit slikt syn. Aasen definerte (i 1858) ein nasjon som «...eit stort Folkaslag av same Uppkoma og soleides nokorlunda med same Hug og Seder, med sama Maal og same Minne.» Me skal ikkje svelgja definisjonen hans ukritisk – ein kan t d ikkje setja opp eige språk som eit definitivt krav til ein

nasjon. Likevel er definisjonen påfallande moderne og langt på veg samanfallande med definisjonane ein finn i nasjonalismegranskinga i dag. Han har ført inn subjektive moment som hug og minne attåt objektive kjenneteikn som seder og mål. Den sams hugen (tenkjemåten) er ikkje gjeven ein gong for alle, men er forma gjennom eit langvarig historisk hopehav. Granskarane har òg måtta gje opp å finna ei 'nasjonens inste opphavlege røyst' og lagt større vekt på den subjektive sida. Det ser ein i dag m a ved at omgrepet 'nasjonal identitet' har avløyst 'nasjonalkarakter'.

Det er soleis ikkje gjeve ein gong for alle kva som er nasjonalt. Det endrar seg over tid — for 200 år sidan var t d Sarpefossen og fjellet Hornelen framståande norske nasjonalsymbol, og det norskaste av alt - 17. mai og flagget — var ikkje oppfunne. I dag har me desse og andre symbol. Difor vert det òg ofte strid om kva ein skal rekna som nasjonalt og unasjonalt, i vårt tilfelle norsk og unorsk. Det vil dessutan seia at nasjonsbygginga og utveljinga av kva som skal få status som 'nasjonalt' *aldri tek slutt*.

Det er difor ikkje gjeve ein gong for alle kva norsk språk er. Ei viktig side av målstriden har nettopp gått ut på å gje 'norsk' eit språkleg innhald. I dei vanlege språkhistoriebøkene står det at på 1800-talet stod motsetnaden mellom norsk og dansk, medan striden stod mellom to norske mål etter rettskrivingsendringane i 1907/17.

So enkelt var det ikkje. Sjølv om dei fleste i dag kan skriva under på at skriftmålet på 1800-talet var dansk, var det slett ikkje eit vanleg syn mellom folk som levde då. Forsvararane av dansken hevda tvert imot hardnakka at skriftmålet var like god og jamvel betre norsk enn landsmålet. Alt i 1814 vart det danske skriftmålet kalla 'norsk' i Grunnlova. Året etter (1815) fann Det akademiske kollegium ved Det kongelige Frederiks Universitet i Kristiania det naudsynt å senda ut ei fråsegn om spørsmålet. Der vart det hevda at 'norsk' var eit like høveleg namn på skriftmålet i Noreg som 'dansk' var det i Danmark, og dei neste tiåra heldt nordmennene fram med å argumentera for det same synspunktet, rett nok til store protestar frå danskane.

Det eine argumentet for at dansken var norsk, var at nordmennene hadde vore med på å forma ut skriftmålet i dansketida. Det andre var at skriftmålet hadde lang tradisjon i landet, og om det ikkje var norsk i opphavet, so hadde det grodd fast i landet og vorte det. Eit tredje argument var at avstanden mellom målføra og skriftmålet i Noreg ikkje var større enn i mange andre land, som t d Tyskland og Frankrike. (At det var ille andre stader, var med andre ord eit argument for at det ikkje burde bli betre her heller.) For det fjerde vart det hevda at dansken var meir nasjonal enn målføra av di han vart nytta som talemål av overklassen over heile landet, og av di han hadde fleire brukarar enn noko einskild målføre. Eit femte argument var at skriftmåla i Noreg og Danmark var ulike, og at det difor var rettast å kalla målet i Noreg 'norsk'. Skilnadene vart sjølvsagt ørsmåe på 1800-talet og galdt stort sett berre at nordmennene ein sjeldan gong kom i skade for å nytta eit norsk ord. Men for sume var det meir enn nok.

Frå kring 1850 byrja Knud Knudsen og Ivar Aasen å stri for eit språkleg brot med Danmark, og då vart det samstundes stor strid om kva som var 'nasjonalt'. Aasmund O. Vinje råka spikeren på hovudet då han ein gong skreiv spottande om «denne velsignade Nordmannskapen, som kver tyder til sit Bruk, soleides at han sjølv verdt den norskaste af alle Norske».

I 1830- og 40-åra hadde det faktisk fest seg eit syn, iallfall i den norske eliten, at det var rettast å kalla skriftmålet 'norsk'. Når få i dag vil rekna skriftmålet på 1800-talet som norsk, er det nettopp av di serleg Aasen og målfolket utfordra dette synet og fekk gjennomslag for eit anna syn. Aasen avviste alle dei nemnde argumenta. Det var ikkje nok at eit språk vart nytta av nordmenn for at det kunne kallast norsk. Det måtte òg ha vakse fram på norsk grunn, og berre målføra oppfylte eit slikt kriterium. Dei stod i ein ubroten tradisjon frå gamalnorsk, i motsetnad til den importerte dansken.

Norskdomsrørsla og det nasjonale i dag

Er det likevel nokon grunn til at norskdomsrørsla bør bry seg om nasjonalismen og 'det nasjonale' i dag, slik NMU har gjort i ei årrekkje? Er det ikkje heller tryggast å halda seg langt unna, slik filosofen Jon Hellesnes rådde oss til å gjera i *Dag og Tid* i vår?

Det er eit par klåre grunnar til at me *ikkje* bør halda oss unna. For det fyrste går det føre seg ei aktiv nasjonsbyggingskampanje i dag som har vorte meir intensiv det siste tiåret. Ein høyrer stadig at nasjonsbygging var noko som gjekk føre seg på 1800-talet, som Wergeland, Bjørnson, Vinje og Nansen dreiv med, og som er slutt i dag. Skilnaden er at i dag heiter det styrking av den felles kulturen, formidling av kulturarven og skapinga av felles kulturelle referanserammer. Det flyt over av slike omgrep i alle dokument og læreplanar i samband med skulereformene som styresmaktene har velsigna oss med. Frå offisielt hald vert det stadig lagt vekt på kor viktig slike sokalla referanserammer er, og det er jo mykje rett i det – kulturen er som eit lim i samfunnet. Men det som er mindre triveleg for oss, er det 'Noreg (Norge) sett frå Oslo'-biletet som vert formidla. I denne bokmålske og urbane monokulturen er det korkje plass for lokale norske serdrag eller muslimske skular, noko OL på Lillehammer synte for all verda.

For det andre går det føre seg ein kampanje for å stempla alt som smakar av 'det nasjonale' og nasjonalisme som tvilsame greier. Eit godt døme kunne me sjå i *Arbeiderbladet* i februar då ein hakekross vart utstyrt med rosemålingskrusedullar. Her skal eg ikkje nytta tid på døme

– det er berre å opna ei sokalla riksavis eller slå på Statsrevyen og Utanriksmagasinet.

Ein treng ikkje vera so konspirativ av seg for å sjå den politiske samanhengen mellom kampanjene mot det nasjonale, sentraliseringa og ynska om ytre unionstilknytning. Eg vil likevel hevda at hovudpoenget for norskdomsrørsla korkje er kva ein måtte meina om kommunesamanslåingar, Rattsø eller EU, men at det som går føre seg er eit åtak på heile grunnlaget for rørsla vår. På mange måtar er kampanjen frå hovudstadsintelligensiaen farlegare for oss enn det nynazistane driv med for tida. Dei har alltid kalla seg nasjonale og gode nordmenn og freista riva til seg dei norske nasjonalsymbola, men dei har aldri greidd det. Tvert imot vert det berre låtteleg når dei framstiller seg som gode nordmenn og samstundes har Hitler og Karl 12. som to av dei fremste heltane sine, dei to som i nyare tid har sett mest inn på å okkupera Noreg. Det som er ille, og det som er nytt dei siste åra, er at nynazistane får hjelp frå sentrale riksmedia og intellektuelle for å få gjennomslag for eit slikt syn på det nasjonale. Å vera 'nasjonalist' i media har no vorte meir eller mindre synonymt med å ha barbert seg på hovudet og ha hakekross på armen.

Norskdomsrørsla kan velja mellom to strategiar når ein skal møta propagandaen frå nynazistar og hovudstadsintellektuelle. Den eine ser Noregs Ungdomslag ut til å ha valt, nemleg å overlata 'det nasjonale' til dei dårlege nordmennene ytst på høgresida utan strid. For nokre år sidan tok nokre nynazistar til å gje ut eit blad med tittelen *Norsk Ungdom*. Dette var tilfellelegvis tittelen på medlemsbladet til NU, som reagerte spontant med å døypa om bladet sitt til *Ungdom*, som det heiter i dag. Slikt er sjølvsagt lettvint, og ein bladtittel er ikkje all verda, men det er ikkje serleg lurt. Kva gjer ein då dersom høgreekstrimistane skulle finna ut at det er 'nasjonalt' å gå i bunad, dansa folkedans og skriva nynorsk?

Det kan raskt bli å pissa i buksa for å halda varmen. No i byrjinga gjer det rett nok ikkje mykje inntrykk at Arbeiderbladet insinuerer at Husfliden er ei nazi-sjappe, men når dette er teke opp att mange nok gonger, er det ikkje moro lenger. For korleis vil vilkåret for å driva arbeid for nynorsk og folkedans vera dersom Arbeiderbladet får gjennomslag for synet som ligg i den rosemålte hakekrossen? Det har ikkje berre noko med kva ein måtte meina om 'det nasjonale' i målstriden i dag – det har med heile grunnlaget for å driva målarbeid. Korleis vert det mogleg å argumentera for nynorsk dersom det å gå med jakkemerke av Aasen er jamgodt med eit av Hitler?

No dreg eg det for langt, vil sikkert sume av dykk meina. Ingen vil vel påstå noko slikt. Då kan det høva å sitera litt frå eit tidsskrift som heiter *Språklig Samling*. For fem år sidan stod det ein perspektivrik artikkel med tittelen «Nasjon og språk» på prent, av Even Hovdhaugen, som er professor i lingvistikk. Her vert fyrst eit par sitat av to kjende målmenn frå mellomkrigstida, Gustav Indrebø og Sigurd Kolsrud, dregne ut av alle samanhengar og nytta (utan grunngjeving) for å syna at dei var rasistar. Vidare kan me lesa at «et eget språk ikke er noen absolutt forutsetning for å ha og opprettholde en etnisk identitet». Det er jo rett nok, sjølv om eit språk i dei fleste tilfelle vil vera den viktigaste identitetsmarkøren for ei etnisk gruppe. Men for Hovdhaugen er det noko suspekt med å påstå at språk har noko med identitet å gjera, for

> Dersom språk er et kjennetegn på identitet, blir også språkskifte et spørsmål om identitetsvalg. Når norske og andre innvandrergrupper i USA i stor grad gikk over fra sitt morsmål til engelsk, var nok en vesentlig årsak at de valgte å identifisere seg med den amerikanske nasjon. Og det samme kan sies om de områder som har skiftet over fra samisk til norsk.

Her vil eg skyta inn at eg ikkje er heilt sikker på om sameborna som vart tvinga til å tala norsk på internatskulane oppfatta det som eit frivillig og positivt skifte av identitet. Hovdhaugen skriv vidare at me ser eit slikt identitetsskifte mellom innvandrarar i dag, og at

> ...et slikt identitetsskifte er ofte ikke lett og ikke sjelden stopper man halvveis. Man lærer det nye språket, men ikke så godt og aksentfritt at man blir på linje med og identisk i språk med de innfødte. [...] Vi får tyrkernorsk, pakistanernorsk eller norskamerikansk. Denne splittede språklige identifisering er det som vi på godt norsk i lang tid har kalt knoting. Og i alle fall i min barndom var knoting ikke noe positivt ladet ord. Kanskje henger dette sammen med en av de svarteste og mest seiglivete sider av den språklige rasistiske nasjonalisme.

So sveipar Hovdhaugen innom Aasen før han avsluttar med desse orda:

> Kanskje er en mer utstrakt bruk av samme språk i ulike varianter i flere nasjoner den eneste måten å opparbeide en polynesisk [=tolerant] holdning til språklig variasjon på som også kunne gi grobunn for å søke etter fellestrekk ellers mennesker og samfunn imellom. Kanskje skulle ikke Ivar Aasen vært så opptatt av alt det som skilte norsk og dansk, men satt seg ned og sagt: «Det er nå likevel det samme språket og det meste har vi felles.» Kanskje er ikke språkskifterne og knoterne forrædere, men foregangspersoner i kampen mot det som jeg svært personlig vil kalle språknasjonalismens forbannelse.

Argumentasjonsteknikken i artikkelen er den klassiske frå antinasjonalistisk hald. Språkleg og nasjonal undertrykking og motstand mot den same undertrykkinga vert gjort til to sider av same saka. Slik vert det å stri for språkleg og nasjonal frigjering jamgodt med rasisme, og ikkje ein gong Aasen vert heilt stoverein.

Det påfallande at årsakene til at folk byter språk og identitet på denne måten ikkje vert problematiserte i det heile. Det gjeld mange av artiklane ein finn i *Språklig Samling*, og serleg påfallande er det av di det var desse folka som gjorde mykje av pionerarbeidet med å lansera språksosiologien eller sosiolingvistikken (vitskapen om samanhengen mellom språk og samfunn) i Noreg på 70-talet. Målfolk har i og for seg alltid vore sosiolingvistar, heilt sidan Aasen. Dei har lært at makt vert utøvd gjennom språket, og dei har sett samanhengen mellom målstrid og samfunnsstrid. Det har dei sett gjennom sjølv å ha vore den mindreverdige parten i det norske språksamfunnet.

Dei har på felt etter felt måtta kjempa til seg retten til å tala målføre og skriva nynorsk, og for å motarbeida fordomar som framleis veltar fram når ein ber om nynorsk førarkort eller les lesarbrevsidene i avisene. Slik får ein vel so mykje sosiolingvistisk innsyn som å lesa pensum på Det kongelige Frederiks Universitet. Det er klårt at i den striden har mange glide over i bokmålet, både i skrift og tale, og vorte ståande i den mellomposisjonen som Hovdhaugen talar om – som me godt kan kalla knot. Slike skifte vert utropa til naturleg språkutvikling, for alle språk endrar seg, må vita. Men når målfolk prøver å motarbeida det språklege presset som fører til slike skifte, då kjem pluteseleg eit tjug bokmålsskrivande og -talande sosiolingvistar, og nokre nynorskskrivande òg, og talar om at all språkendring er naturleg og utpeikar *målfolket* som intolerant, ikkje det upersonlege og av og til svært personlege bokmålsveldet som får folk til å leggja av seg målføredrag og velja bokmål i skrift og tale. Språkutviklinga kan ikkje styrast, hevdar Riksmålsforbundet og Språklig Samling på kvar sin måte. Sjølvsagt kan ho det – det er det språkpolitikk går ut på. Ingen bør vera i tvil om at talemålet i Noreg hadde endra seg på ein annan måte, og eg vil tru på ein mindre dramatisk måte, dersom nynorsken og ikkje bokmålet hadde vore det dominerande skriftmålet.

Eit nasjonalt alternativ

Poenget for målrørsla har heile tida vore å stilla opp eit heilskapleg språk- og kulturpolitisk alternativ, og det må det framleis vera. Det vil konkret seia å arbeida for å fremja eit anna språk enn det rådande bokmålet, og ikkje å nøya seg med å flikka på dette språket. Men det vil òg seia meir – det vil òg seia å velja eit anna sosialt fundament for heile skriftkulturen, og å utfordra den rådande tenkinga om språktilhøva. Det høyrest litt luftig ut, og eg skal utdjupa det. Det er ålment godteke i bokmålsmiljø å tala om 'norsk og nynorsk', eit nemningspar som utvitydig fortel at bokmålet er meir norsk og nasjonal enn nynorsken. Sjølv målfolk er so vane med å høyra dette nemningsparet at dei berre høfleg korrigerer med å seia '*bokmål* og nynorsk', dersom dei i det heile reagerer. Når andre målfolk, som t d ein del av dei ein finn i NMU, tek ein meir offensiv tone og talar om 'norsk og bokmål', set ny'en i nynorsk i parentes eller jamvel påstår at bokmålet er halvdansk, då vert det ramaskrik.

Her kan me ha god bruk for tankane til Aasen. Han lanserte ikkje berre eit alternativt syn på det nasjonale, men òg eit nytt syn på kultur og daning, og målreisingsprosjektet hans gjekk inn i ei større kulturreising. Nasjonalmålet og nasjonalkulturen måtte etter Aasens syn vera tufta på språket og kulturen ein fann hjå ålmugen, ikkje det ein fann hjå overklassen i byane. Her skilde Aasen seg både frå det som hadde vore eit gjengs kultursyn i eliten sidan 1814, og frå Knud Knudsen. Knudsen ville som me veit byggja skriftmålet på den dana daglegtala i byane. Han godtok soleis dei språklege og kulturelle makttilhøva og stod for ein målpolitikk som ville føra til ei justering av det rådande språklege daningsidealet, ikkje eit brot med det. Slik sett er det logisk at bokmålsmannen Finn-Erik Vinje og Språklig Samling v/ Arne Torp i fjor båe to hevda at dei bar Knudsens idear vidare. Dei har rett båe to, på kvar sin måte.

Aasen ynskte derimot ikkje at det som overklassen i Kristiania til kvar tid kunne svelgja, skulle setja råmene for skriftmålet. Noko av det han vanvyrde mest, var den påklistra og falske daninga han fann mellom dei som freista gjera seg finare enn dei var. Ekte daning var for Aasen «en forfremmelse og Forbedring i Sjælens Evner; [...] en indvortes Fuldkommenhed, som meget vel kan forliges med de Skikke, som tilhøre ethvert Folk for sig selv». Den ytre og falske daninga fann Aasen serleg mellom dei «...sjølvvalde Regjeringar av Modeherrar og Modefruer, som sitja i dei store Byom sud i Heimen og gjera Loger, um kor Folk skulo klæda seg og byrsta seg, eta og drikka, ganga og standa, heilsa og takka, og alt slikt, som det inkje trengdest onnor Log til en den, som kvart Landsfolk fraa gamall Tid hever lært seg sjølv etter Landsens eigna Tarver.» Kulturen, skikkane og målet som ein fann mellom vanlege folk var eit bra nok utgangspunkt for høgkulturen og skriftmålet. Det sprang ut av eit ynske om å gjera dei store sosiale skilja mellom eliten og folket mindre, og her stod både skriftmålet og eliten sine haldningar til det folkelege i vegen. For Aasen var det sjølvsagt at tilnærminga mellom høg og låg i samfunnet skulle skje på premissane til folket, ikkje på premissane til eliten. Det var ikkje ålmugen som skulle lida for at det var to mål i landet, meinte Aasen. Den børa måtte ein heller velta over på overklassen. Dei måtte fint finna seg i å læra seg folkets mål, so fekk dei eventuelt halda fram med å nytta dansk for seg sjølv, dersom dei ville det, men dei skulle ikkje plaga folket med det.

Slik forma Aasen ut ein alternativ demokratisk og folkeleg nasjonalisme i opposisjon til den ufolkelege nasjonalismen og by-versjonen av det nasjonale som ein fann i overklassen. Motsetnaden kom tydeleg fram i 1864 då det offisielle Noreg med pomp og prakt feira 50-årsjubileet for grunnlova og lausrivinga frå Danmark. Aasen heldt seg borte frå dei store festane, som han oppfatta som usmaklege, og i staden skreiv han nokre av dei mest oppposisjonelle skriftene sine, t d «Talar fyre tome Stolar» og «Ettersleng til 17de Mai». Her såg Aasen 1814-grunnlova som eit stort framsteg og eit godt grunnlag for fridom, men heller ikkje noko meir, for:

> Det vil letteleg syna seg, at det kann vera lika so stor Tvang og Trældom i eit Land, som læs vera fritt, som i eit som heiter ufritt. Det kjem alt ut paa Tenkjemaaten hjaa deim, som hava nokot Vald i Landet. Ero dei uppfostrade til at vanvyrda Landsens Aalmuge, so dei berre vyrda seg sjølve som Landsens Herrar og Aalmugen som ingen Ting, so kunna dei lett faa laga til ein dugande Trældom, til Traass fyrer all Tale um Fridom. Ero dei sjølve innflutte

> fraa andre Land, elder hava dei gjort seg sjølve framande og berre skapat seg til etter framande Mønstrer, so vilja dei ogso tykjast at Landsens heile Sed og Bruk er usømeleg og dermed faa dei lettlege ogso den Tanken at dei skulo tukta Aalmugen upp til at læra deira eigen Sed;...

Aasen meinte soleis at ei politisk nasjonal frigjering ikkje var nokon garanti for røynleg fridom, men likevel eit *vilkår* for fridom. Difor avviste ikkje Aasen det nasjonale, men gav det eit anna innhald.

Aasen var oppteken av å skjera klår av det me i dag kallar sjåvinisme. Nokre overivrige målfolk i 1850-åra la skulda på Danmark og danskane for at det gamle norske målet gjekk under. Aasen la gong etter gong vekt på at nordmennene sjølv måtte ta skulda for at det hadde gått slik det gjekk, og han tok jamvel offentleg til orde mot andre målfolk på dette feltet. Aasen tykte det var viktig å læra folk historie, men ho skulle vera reinsa for «al Selvros og al Overdrivelse». Serleg var han kritisk til «Krigsbedrifter og andre store og glimrende Foretagender», som han lakonisk skreiv i 1852. I staden ville han ha opplysningar om sedene, tenkjemåten og «den selskabelige Tilstand» hjå folk i gamle dagar, kort sagt vanlege folk.

Når den norske nasjonalismen jamt over har hatt eit demokratisk og radikalt innhald, er det ikkje minst på grunn av Aasen og norskdomsrørsla. Eliten i Noreg har aldri heilt og fullt hatt grepet om det nasjonale. Sist i 1860-åra prøvde regjeringa og dei konservative i Noreg i allianse med den svenske eliten å få til ein tettare union med Sverige for å styrkja si eiga makt i Noreg. Målfolket var mot, og på same tida ville Vinje og stortingsfleirtalet ha inn gamalnorsk som fag i gymnaset. Tre konservative statsrådar var mot, av di dei ikkje kunne «indrømme det Beføiede i for Norges vedkommende i Hensigt at støtte Nationalfølelsen [...] thi er der nogen side af følelseslivet som hos den norske nation i almindelighed og dens studerende ungdom i særdeleshed er sterkt udviklet og ingen ny støtte tiltrænger, saa er det kjærligheden til, interessen for og troen paa den nationale.» Etter ein annan unionsstrid, for eit par år sidan, meinte ein snurt ja-mann som skreiv i *Dagbladet* at grunnen til det katastrofale neiet var den skadelege historieundervisninga i skulen der me hadde lært for mykje om 17. mai, Wergeland, Bjørnson og 1905. For tre år sidan skreiv ein like snurt riksmålsmann i *Ordet* om kor trasig det var at det nasjonale i Noreg var fjordar, fjell, bønder, folkehøgskule og det jamne folkelege, og at hovudstaden, byane og eliten liksom ikkje var riktig norsk. Det var ikkje mogleg å vera kontinental i Noreg.

Eg tykkjer alt slikt er eit sunt teikn, og slik bør det halda fram. Dei som framleis måtte meina at ein nasjonalisme i Aasen si ånd *må* føra til rasisme, kan jo fyrst tenkja etter kva skriftmål rasismen i Noreg vert skriven på, og deretter kva parti som vil avskaffa både sidemålsstilen og nynorsken, og – dersom dei orkar – lesa kva Aasen faktisk skreiv og gjorde. Det er ingen grunn til å overlata det nasjonale korkje til dei som talar om 'norsk og nynorsk', dei som står for ein 'det-er-typisk-norsk-å-være-god'-ideologi med OL-ringar, eller snauskallar med rak høgrearm og hjelp av nyttige idiotar i Akersgata.

Siste ordet skal få gå ikkje til Aasen, men til ein av støttespelarane hans, husmannsguten Paul Botten-Hansen. I 1855 skreiv Botten-Hansen at «Jeg vilde kun vise liden Kjærlighed til Norskheden, om jeg stiltiende saa paa hvorledes alskens Umyndige bruge den som et Skjul for sin aandelige Armod og sine forvirrede Ideer.»

Arne Torp:

Er norske dialekter blasfemiske?

I Aftenposten 26. april i år hadde dr. theol. & philos., tidl. biskop i Borg og i Bjørgvin, Per Lønning, under overskrifta *Dialektisk selvmord* et friskt angrep på norsk folkemål. Ja, ikke sånn i sin største allminnelighet, bevares, det går jo ikke hos oss — alle nordmenn er jo glade i dialekter — «og aller mest elskar bokmålsfolk dialektar», som Einar Økland alt i 1974 konstaterte i essayet «Forsvar for knotet».

«Dialektenes livsrett er uomtvistelig», slår da også Lønning fast. Det er bare det at nå har de fått *enda* mer liv enn de etter Lønnings mening har rett på. Og det som fikk begeret til å flyte over, for å bruke hans eget uttrykk, var da andaktsholderen i P1 i NRK sa *Herren velsigne dægg og bevare dægg* på noe som ifølge Lønning var *visstnok «bokmål»* (hermetegnet er Lønnings). Denne «sluttiraden etterlot meg temmelig uvel-signet», sukker han.

Om grunnen til at han følte seg så «uvel-signet», sier han ingenting, men leseren skal antagelig forstå at andaktsholderen burde sagt «dæi» — *ad majorem Dei gloriam* — dvs. for å gjøre Guds ære større. Når han ikke sa «dæi», var det ifølge Lønning «ad *minorem* Dei gloriam — dvs. det stikk motsatte.

Hermed kan vi altså konstatere at etter Lønnings syn er bruk av dialekt i andaktssammenheng nærmest for blasfemi å regne. Det skulle vært interessant å vite hvor i Bibelen Lønning mener å kunne finne støtte for et slikt syn. I alle fall er det et faktum, som Lønning da sikkert vil beklage, at ikke bare i de siste 30 åra, som ifølge han er den perioden som slagordet *Snakk dialekt* «har herjet oss», men i mange tiår før det, så har utallige lekfolk og predikanter på utallige bedehus over det ganske land stått og snakka til Vårherre på de breieste dialekter. For *deres* skyld får en håpe at tømmermannen fra Galilea (som i alle fall hadde *disipler* som snakka dialekt) og far hans er mindre språklig fordomsfulle enn den dobbelte doctor og biskop fra Bergen.

Harald Støren:

Språkstrid anno 1996

Denne artikkelen stod først på trykk som dobbeltkronikk i avisa *Klassekampen* 30. og 31. juli i år. Den var en kommentar til en diskusjon mellom Olav Randen og Knut Johansen om skriftmålet sin plass i forhold til talemålet. Formålet med artikkelen var å rydde opp i en del mistydinger jeg meinte gjorde seg gjeldende i denne diskusjonen både når det gjaldt skriftmålets funksjon og når det gjaldt skillet skriftmål/talemål på den eine sida og riksmål/folkemål på den andre. Artikkelen inneholder en del poeng av interesse for den norske språkdebatten allment og den kan såleis leses uavhengig av de debattinnlegga den refererer til. Bortsett fra disse innleiende bemerkningene er det følgende derfor i all hovedsak identisk med det som stod i *Klassekampen*.

«TALEMÅLSNÆRT SKRIFTMÅL»

Det var med interesse jeg følgte debatten om den norske skriftmålstradisjonen på kronikkplass i *Klassekampen* tidligere i år (23/1, 2/2 og 5/2). Ikke desto mindre gjorde flere sider ved denne debatten meg betenkt.

Det synes som om Olav Randen bærer mye av ansvaret for at debatten fikk den vendinga den fikk ved å gjøre språkstrida i Norge til et spørsmål om rettskriving i den innleiende kronikken 23/1. Han skriver: «Kvar lyd bør ha ein bokstav i eit godt språk» og trekker fram nynorsk som et mønsterspråk i så måte. Som et skrekkeksempel på det motsatte nemner han fransk, der «same lydbiletet kan [...] skrivast ulikt». Randen ser dette som forklaringa på at det er færre forfatterer med arbeiderklassebakgrunn i Frankrike enn i de nordiske landa (av en eller annen grunn skiller han ikke her mellom så ulike skriftmålstradisjoner som nynorsk, bokmål, svensk, dansk og islandsk). Inntil jeg har sett denne påstanden nærmere belagt med statistisk materiale, tillater jeg meg å stille meg høgst tvilende til at arbeiderdiktinga er noe dårligere representert verken på fransk eller noen av de andre «talemålsfjerne» nasjonalspråka i Europa enn i Norden. Uten å ville gå i detalj i denne sammenhengen veit jeg i alle fall at arbeiderklassen er rikt representert med litterater på alle disse språka. Som Knut Johansen heilt rett peiker på i kronikken 2/2 er **ingen** av de språka Randen nemner talemålsnære i betydninga «lydrette» (dvs. at hver lyd har sin bokstav). Og det er da heller ingen grunn til å legge skjul på at et skriftmål som var 100% lydrett ville ha forfeila si oppgave som skriftmål. Det er jo nettopp skriftmålets oppgave å finne et felles uttrykk for mange talemålsvarianter med samme meiningsinnhold, slik at det kan forståes av flest mulig mennesker. Når t.eks. en sogning sier «eugo» og en østkantgutt i Oslo sier «ævva», så er det naturlig at vi samler oss om éi skriftmålsform som begge kan avleie talemålet sitt av, nemlig «auga». Dette er ikke noe problem så lenge samsvaret mellom skrift og tale er konsekvent. Like eins er det skriftmålets oppgave å skille mellom ord som uttales likt, men har ulikt meiningsinnhold. Fransk er nok det språket som best illustrerer dette siste punktet, noe Randen nemner en del gode eksempel på. Jeg er ikke einig med Randen i at dette er noen svakheit ved det franske språket: Det ville tvert om ført til et språklig kaos av dimensjoner dersom ord med så ulikt meiningsinnhold som «sans» (=uten), «sent» (=føler), «sang» (=blod) og «cent» (=hundre) skulle skrives likt. Her må vi hugse på at talemålet kan gjøre bruk av ei rekke nyanserende uttrykksmiddel som skriftmålet ikke har til rådigheit, i form av stavingstrykk, tonefall, tilføyinger osv. Dette gjør det lettere å unngå mistydinger i tale enn i skrift.

KLASSESPRÅK

Randens argumentasjon blir særlig problematisk når han forklarer tilbakegangen for det radikale bokmålet med at «bokmålet har ein grunntone som gjer at det vanskeleg kan endre seg i folkemålslei», slik at «språket pressar skrivarane inn i forma». «Språket» framstår på denne måten som ei mystisk kraft som opererer uavhengig av både politikk og samfunn. På den måten forsvinner klasseperspektivet fra språkdebatten. Her kunne Karl Marx være en nyttig tankevekker for å bringe språkdebatten på rett kjøl igjen. I *Den tyske ideologi* definerer han nettopp språk som «praktisk bevissthet», og såleis «helt fra begynnelsen et samfunnsmessig produkt» (se «Det beste av Karl Marx: Tekster i utvalg av Karl Engelstad», Oslo: PAX Forlag 1992, s. 51).

Randen kritiserer professor Willy Dahl for å forklare «utviklinga vekk frå det dialektnære bokmålet med den sterke Foreldreaksjonen i femti-og sekstiåra». Men faktisk kommer Dahl her nærmere en samfunnsanalyse av den norske språkstrida enn det Randen gjør: «Foreldreaksjonen» var jo nettopp ei mobilisering igangsatt av den økonomiske og sosiale makteliten for å kuve ei språkutvikling i folkelig retning som den kjente seg truga av. For å underbygge denne påstanden er det nok å vise til hvem som bidrog som hoveddonatorer til denne aksjonen og hvilke politikerer som støtta den.

Det er ingen grunn til å tru at kapitalkreftene og høgrepolitikera sin angst for at folkelige ord og former skulle få fritt spellerom i bokmålet var tilfeldig. Skillet mellom

«fint» og «stygt» språk henger nær i hop med skillet mellom «god» og «dårlig» kultur. Det var borgerskapets definisjonsmonopol på dette skillet som nå var truga og som gjorde det nødvendig å mobilisere alle krefter på å holde det oppe. Borgerskapet innsåg sjølv bedre enn noen andre sammenhengen mellom kulturelt og språklig definisjonsmonopol på den eine sida og økonomisk og sosial makt over arbeiderklassen på den andre. Dette monopolet var med andre ord en del av herskerklassens ideologi, eller «herskende tanker», som, fortsatt i følgje Marx, «ikke [er] annet enn det idémessige uttrykk for de herskende materielle forhold, ikke annet enn de herskende materielle forhold formet i tanker; altså de forhold som nettopp gjør den ene klasse til den herskende [...]» («Den tyske ideologi», s. 65).

Den store feilen arbeiderklassens leierer gjorde i denne situasjonen, var at de ikke klart nok såg sammenhengen mellom det språklig-kulturelle definisjonsmonopolet til borgerskapet på den eine sida og den sosiale undertrykkinga og økonomiske utbyttinga av arbeiderklassen på den andre. Isteden valte de å akseptere borgerskapets definisjonsmonopol og nedprioritere kampen for arbeiderklassekulturen og folkemålet til fordel for rein lønnspolitikk. Resultatet var at borgerskapet fikk ture fram som det ville med å stigmatisere og latterliggjøre arbeiderklassens språk og kultur. Presset blei så stort at den klassestoltheita som prega arbeiderklassekulturen i mellomkrigstida blei avløyst av sjølvforakt: Borgerskapet sine normer og verdier blei derimot godtatte som sanne og allmengyldige. Alvorligere ennå var det at denne seieren i kultur- og verdikampen i neste omgang kunne brukes av borgerskapet til å stake ut retningslinjene for «en fornuftig lønnspolitikk» og jamvel langt på veg greie å bli trudd av arbeiderklassen sjølv!

HAR FOLKEMÅLET NOEN FRAMTID?

Spørsmålet blir nå åssen vi kan komme ut av det dødvatnet en defaitistisk strategi fra arbeiderklassen si side på det språk- og kulturpolitiske området har brakt oss opp i. Det norske folkemålet — arbeiderklassen sitt mål — må kreve sin rettmessige plass innafor bokmålet igjen. Grunnen til denne strategiske prioriteringa av bokmålet er at det er bokmålet størstedelen av den norske arbeiderklassen er henvist til i dagliglivet — i bedrifta, i butikken, i media — samtidig som det er der klasseundertrykkinga finner sitt krasseste uttrykk. Her er det ikke først og fremst et spørsmål om rettskriving, men om **grammatisk system**. Knut Johansen tar opp dette i de to siste avsnitta av kronikken 5/2, der han framhever det systematiske skillet mellom folkemålet og riksmålet (som han heilt gali blander i hop med skillet mellom talemål og skriftmål): Mens riksmålet i hovedsak baserer seg på et tokjønnssystem (*mann**en**, kon**en**, barn**et***) bruker folkemålet konsekvent tre kjønn (*mann**en**, kon**a**, barn**et***) og mens riksmålet bruker et forenkla bøyingssystem i fortid av verb (*kast**et**, bygg**et**, skrev**et***), opererer folkemålet med flere bøyingskategorier av svake verb (*kast**a**, bygd**e***) og dessuten et skarpere skille mellom svake og sterke verb (*skriv**i*** eller *skrev**a***). Folkemålet er med andre ord på mange måter et mer presist uttrykksmiddel enn riksmålet, noe som ikke minst blir klart i det siste eksempelet. Disse to systema gir sammen opphavet til de blandingsformene vi finner i det konservative bokmålet. Men i stedet for å prøve å underkaste dette fenomenet en klasseanalyse, avfeier Johansen det som et utslag av historiske tilfeldigheiter og som et problem som «er lite og til å hanskes med».

Likevel er det nettopp **her** den innebygde klasseundertrykkinga i bokmålet ligger: Poenget er at to grammatiske system eksisterer side om side innafor det samme språket og at hvilket av de to systema en til hver tid veljer å gjøre bruk av, er sosialt betinga. Dette innebærer ikke bare at det er betinga av hvilken sosial klasse den som skriver eller snakker tilhører, men også av hvem han snakker **til** og hva han snakker **om**. Skillet går altså ikke først og fremst mellom talemål og skriftmål, slik Johansen hevder, men mellom de ulike sosiale situasjonene språket blir brukt i og mellom ulikt sosialt definert meiningsinnhold **både** i tale og skrift. Såleis er det at vi bruker tokjønnssystemet i riksmålet i noen tilfelle mens vi bruker trekjønnssystemet i folkemålet i andre tilfelle ikke tilfeldig. Hvorfor finner vi t.eks. aldri forma «kjerringen», men nesten alltid «dronningen» på bokmål, sjølv om begge utvilsomt viser til personer av hukjønn? Grunnen er at valet av grammatisk form her ikke først og fremst har til oppgave å uttrykke en grammatisk eigenskap ved den personen vi omtaler, men å si noe om hennes sosiale status. Den grammatiske forma kan jamvel skifte på ett og samme ord, avhengig av hvem vi snakker med: Hvorfor presenterer jeg t.eks. hu jeg er gift med som «kona mi» for kameratene på jobben, men som «min kone» for direktøren? Og hvorfor snakker jeg om «lønna» til kameratene, men om «lønnen» til direktøren? Eksempel fins i tusental, men jeg skal nøye meg med disse. Bøygingsmønsteret i fortid av verb peiker i samme retning: Mens én type verb alltid blir bøygde etter riksmålet sitt system (t.eks. «et dann**et** menneske»), blir en anne type verb alltid bøygde etter folkemålet sitt system (t.eks. «han har drit**i** seg ut»). Dette har sjølvsagt utelokkende til formål å assosiere hvert av de to verba med den samfunnsklassen herskerklassen meiner de hører heime i, etter den språkforma klassen forbindes med.

DET RADIKALE BOKMÅLET

